

Søknad om løyve til graving i offentlig veg

Vedlegg 2.1

Etter vedtektene i Veglova §§ 32 og 57 og forskrifter om varsling av arbeid på offentlig veg vert det hermed søkt om løyve til:

- Legging Utskifting Reparasjon Luftspenn

Veg nr.: KV1143 Hp.: 1 Km: 1121 - 1151 Arbeidsstad: Fagervollen bustadfelt, Hundvin

Arbeida gjeld: Vassleidning Telekabel Avlopsleidning Anna: _____
 El-kabel Gassleidning TV-kabel

Noverande dekke: Asfalt Brostein Grus Anna: _____

Frå eigedom Gnr.: _____ bnr.: _____ slik det er vist på vedlagde kart / skisse i målestokk 1: 1000

Arbeidsskildring: Legging av ny lågspentkabel for å forsterke lågspennettet i Fagervollen bustadfelt

Arbeidet er ønska oppstarta: 07.09.2015 og venta avslutta: 09.10.2015

Telet på kryssingar: 2 sik. Boring: ja, ved km: 1121 nei

Lengde på luftspenn/groft langs veg: 30 m frå km: 1121 til km: 1151

Som eigar av og oppdragsgjevar/byggherre for anlegget tek eg på meg det ansvaret som "Retningslinjer for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013" pålegg meg og garanterer for ferdigstilling av anlegget utan kostnad for veghaldar. Eg godtek dei villkår for løyvet som går fram av nemnde retningslinjer.

Oppdragsgjevar/byggherre: BKK Nett AS

Adresse: PB 7050, 5020 Bergen

Kontaktperson hos oppdragsgjevar/byggherre: John Monstad Tlf: 909 43 635

Dato: 3.9.15 Underskrift: *FRØDE SANDVIK* *Frank Sandvik*

Som entreprenør er eg kjend med dei plikter som gjeld for undersøling på gravestaden. Det er sett kryss for dei type anlegg som finst på staden:

BKK NETT AS

- El-kabel Vassleidning Signalkabel Kulturminne
 Telekabel Avlopsleidning Polygonpunkt Gass
 TV-kabel Gassleidning Grøntanlegg Anna: _____

Nødvendige opplysningar og direktiv om anlegga er innhenta og varsel om graving er gitt. (kryss av)

Arbeida skal utførast etter "Retningslinjer for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013" og etter tilvisning av vedrørte parter. Eg godtar dei plikter som arbeid i offentlig veg medfører etter nemnde retningslinjer. Godkjend plan for arbeidsvarsling vil liggja føre før arbeidet vert sett i gong. Eg har gyldig ansvarsforsikring i følge retningslinene pkt. 1.6 og 1.7 ja nei (kryss av)

Entreprenør: *ENTRP. R. ULVATN OG VESTNORSK BRONNBORING*

Adresse: _____

Kontaktperson hos entreprenør: _____ Tlf.: _____

Dato: _____ Underskrift: _____

Spesielle vilkår, evt sjå baksida: _____

Graveløyve gitt Graveløyve avslått

den _____ / _____ 20____

Kommune / Eining

Underskrift

Askøy, Fjell, Sund, Kvam, Vass, Ulvik, Granvin, Lindås, Austrheim, Meland, Os, Radøy, Gulen



Retningslinjer for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland

Spesielle vilkår, forts. :

Føresetnader for arbeid i offentlig veg

Det er vedtatt egne "Retningslinjer for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013". Disse gjeld for alt arbeid i eller ved offentlig veg. Entreprenør/byggherre kan få reglane ved å vende seg til den einskilde kommune.

Ansvarshavande entreprenør

Det skal alltid vere ein ansvarshavande entreprenør (eventuelt offentlig teknisk etat) for graving i offentlig veg.

Den som skal vere ansvarshavande entreprenør for eit anlegg i eller ved offentlig veg skal ha dei nemnte retningslinjer og full kjennskap til desse. Ved underskrift på søknadsskjema skal entreprenør forplikte seg til å følgje reglane og ta på seg det ansvaret som følgjer med.

Ansvarleg entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen på den staden der det skal gravast. Entreprenøren må ha full oversikt over tilhøva sjølv om andre har gjort undersøkingar. Avkryssing på søknadsskjema skal gjelde som forpliktande erklæring om at tilstrekkeleg undersøking er gjort. Manglande avkryssing kan føre til avvist søknad.

Eigenkontroll skal utførast og skjema «*Entreprenøren sin eigenkontroll ved arbeid i offentlig veg*» skal sendast til den einskilde kommune, jf. "Retningslinjer for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013." Garantitid gjeld tre år frå dato for ferdigstilling. Entreprenøren / byggherre er ansvarleg for ferdigstilling.

Ansvarshavande eigar (byggherre)

Søknad om graveløyve skal alltid underskrivast av eigar av det aktuelle anlegg (byggherre).

Ved si underskrift skal eigaren (byggherren)

- ta på seg ansvaret for det ferdige anlegg, og for hendingar og skader som anlegget måtte medføre på vegen og tredjemann
- vere garantist for at entreprenøren sine plikter etter reglane blir oppfylt

Føresetnader for å ha liggande leidnings- og kabelanlegg i offentlig veg- og gategrunn

Løyvet frå kommunen er gitt mellombels. Leidnings- og kabeleigar er plikta til, for eiga rekning, å foreta dei nødvendige endringar med leidnings- eller kabelanlegget – eventuelt fjerne det – dersom kommunen seinare måtte finne det nødvendig.

Risiko og ansvar

Mulig ulempe for leidnings- eller kabelanlegget ved kommunen sitt vedlikhalds-, reparasjons- eller utbetingsarbeid er ikkje kommunen sitt ansvar. Kommunen har heller ikkje ansvar for skader/ulempar på leidnings- eller kabelanlegg som følgje av trafikkbelastning på vegen

Askøy, Fjell, Sund, Kvam, Voss, Ulvik, Granvin, Lindås, Austrheim, Meland, Os, Radøy, Gulen

